

Deltakarane i Sogn og Fjordane Revisjon IKS

Sogn og Fjordane Revisjon IKS - varsel om uttreden

Sogn og Fjordane fylkeskommune er deltakar i Sogn og Fjordane Revisjon IKS. Ifølgje kommunelova § 78 nr. 3 avgjer fylkestinget om fylkeskommunen skal «ansette egne revisorer, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annen revisor». Sogn og Fjordane fylkeskommune skal slå seg saman med Hordaland fylkeskommune frå 01.01.20. Fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland har gitt fellesnemnda for samanslåing Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune mynde til å velje revisjonsordning og revisor. I møte 21.09.18, sak 34/18, gjorde fellesnemnda slikt vedtak:

Vestland fylkeskommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden

Som følgje av fellesnemnda sitt vedtak må Sogn og Fjordane fylkeskommune seie opp sitt deltakarforhold i Sogn og Fjordane Revisjon IKS, og tre ut av selskapet 31.12.19.

Ifølgje lov om interkommunale selskap § 30 kan den enkelte deltakar «med ett års skriftlig varsel si opp sitt deltakerforhold i selskapet og kreve seg utløst av dette». Uttreden frå Sogn og Fjordane Revisjon IKS er nærare regulert i selskapsavtalen § 12:

Ein deltakar kan med eitt års skriftleg varsel seie opp sitt deltakarforhold i selskapet og krevje seg utløyst av selskapet.

Uttreden kan berre skje pr. 31.12. Utløysingssummen skal vere andelen sin nettoverdi ved oppseiingsfristen sitt utløp. Utløysingssummen kan likevel ikkje overstige verdien av deltakaren sin innskot.

Krav om uttreden skal varslast dei andre eigarane seinast 1 år og 3 månadar før uttredingsdato, slik at alle deltakarane får høve til uttale, før deltakaren kan seie opp sitt deltakarforhold.

I samsvar med selskapsavtalen § 12 varslar Sogn og Fjordane fylkeskommune med dette dei andre deltakarane om at fylkeskommunen kjem til å seie opp sitt deltakarforhold innan 31.12.18, og krevje seg utløyst av selskapet. Uttredingsdato vert 31.12.19.

Med helsing

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

Balestrand kommune Kong Beles veg 20 Rådhuset 6899 BALESTRAND
Høyanger kommune August Gunnarskogsgt. 1 6993 HØYANGER
Leikanger kommune Skrivarvegen 7 6863 LEIKANGER
Luster kommune Rådhuset 6868 GAUPNE
Sogndal Kommune Postboks 153 6856 SOGNDAL
Vik kommune Postboks 134 6891 VIK I SOGN
Årdal kommune Statsråd Evensensveg 4 6885 ÅRDALSTANGEN

Kopi til:

Sogn og Fjordane Revisjon IKS Askedalen 2 6863 LEIKANGER